

Fra: "Børresen, Trond Erik" <TrondErik.Borresen@lyse.no>
Sendt: mandag 30. september 2024 13.59.14
Til: "jonny.liland@sirdal.kommune.no" <jonny.liland@sirdal.kommune.no>;
"Odden, Alf" <alf.odden@statsforvalteren.no>
Kopi: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>; "Jakob Fjellanger" <jfj@nve.no>; "Jarle Lunde (jarle.lunde@suldal.kommune.no)" <jarle.lunde@suldal.kommune.no>
Emne: Tilleggsdokumentasjon til søknad om dispensasjon fra verneforskrifter for opprusting og utvidelse av Røldal-Suldal kraftverkene
Vedlegg: RSK Revisjon og OU Tilleggsdokumentasjon m vedlegg.pdf

Til verneområdestyret SVR

Vi viser til e-post 13. mai hvor dere krever tilleggsdokumentasjon til vår søknad om dispensasjon fra verneforskrifter for opprusting og utvidelse av Røldal Suldal kraftverkene. Vi viser i den forbindelse også til den påfølgende dialogen og befaringen med vernestyret den 3. september.

Vedlagt følger tilleggsdokumentasjonen som Norconsult har utarbeidet med basis i deres krav. Den viser at utbygging av omsøkte Kvanndal 2 samlet sett vil gi mindre miljøpåvirkning i og nært inntil verneområdene enn utbygging av Kvanndal 2B i kombinasjon med Sandvatnet eller Tverrå kraftverk. Kvanndal 2B er heller ikke lønnsomt å bygge ut hverken alene eller sammen med Sandvatnet eller Tverrå kraftverk.

Når det gjelder forholdene dere beskriver i e-posten mener vi at det ikke er faglig belegg for å hevde – sitat «...*Holmavassåno er eit vandringshinder av ein relativt avgrensa betydning, mens isen på Holmavatnet har ein omfattande bruk*». Vår tilleggsdokumentasjon tyder på det motsatte, nemlig at Holmavassåno er et vesentlig vandringshinder, mens villreinen sin bruk av isen på Holmavatn er liten i forhold til områdene rundt. Vi registrerer også at formålet med vernet av Holmavassåno biotopvernområde, etter verneforskrifta kapittel III nettopp er, «*å sikre viktige trekkveggar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsverneområde og Dyraheio landskapsverneområde.*» med andre ord over Holmavassåno.

For å belyse saken best mulig, og for å unngå risiko for misforståelser, tror vi det er fornuftig å gjennomgå tilleggsdokumentasjonen med styret i et eget møte (enten fysisk eller på Teams). Dersom det holdes slikt møte, vil fagutredere fra Norconsult være tilgjengelig for å svare på spørsmål og belyse tilleggsdokumentasjonen direkte.

Vi ser frem til å høre fra dere.

Med vennlig hilsen

Trond Erik Børresen
Fagansvarlig vassdrag og miljø
Lyse Kraft DA

934 88 740 | tronderik.borresen@lyse.no
lyse.no | lysekonsern.no

-



*The content of this e-mail is intended solely for the individual or entity to whom it is addressed.
It may contain information that is confidential or legally privileged.
If received in error, please delete it from your system and notify the author by replying to this e-mail.*

Fra: Odden, Alf alf.odden@statsforvalteren.no
Sendt: mandag 13. mai 2024 09:52
Til: Børresen, Trond Erik TrondErik.Borresen@lyse.no
Kopi: nve@nve.no; Jakob Fjellanger jfj@nve.no; Jonny Liland, Sirdal kommune jonny.liland@sirdal.kommune.no
Emne: Krav om tilleggsdokumentasjon Røldal-Suldal

Det er ikke ofte du mottar e-post fra alf.odden@statsforvalteren.no. [Finn ut hvorfor dette er viktig.](#)

Lyse Kraft DA

Krav om tilleggsdokumentasjon til søknad om dispensasjon frå verneføreskrifter for opprusting og utviding av Røldal-Suldal kraftverka

Viser til søknad om dispensasjon frå verneføreskriftene, dagsett 26.04.2024 og konsesjonssøknad for opprusting og utviding av Røldal-Suldal kraftverk med vedlegg, dagsett 21.12.2023.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) har forvaltningsmynde for Kvanndalen landskapsvernområde, Holmavassåno biotopvernområde og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Om verneområdestyret har fått tilgang på god nok dokumentasjon til å gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming, tek verneområde sikte på å handsame dispensasjonssøknaden i styremøte 23.10.2024.

Etter verneområdestyrets vurdering manglar dispensasjonssøknaden god nok dokumentasjon for to svært viktige tema. Dette gjeld utgreiing av villreinens nåverande bruk av isen på Holmavatnet som trekkveg, og utgreiing av utbyggingsalternativ som ligg utanfor verneområda.

I Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldslova) sin §48, fjerde ledd, første punktum, går det fram at «Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene». I Naturmangfaldlovas kommentarutgåve (Backer 2010: 418) går det og fram at kravet til dokumentasjon av verknadar vil bero på tiltakets art, omfang og lokalisering, og må i noko grad tilpassast søkars forutsetningar. På bakgrunn av at det søkast om tiltak i tre verneområde, villreinens status på norsk raudliste, den store samla belastninga på villreinområde frå eksisterande kraftutbygging og Lyse Kraft som ei stor og seriøs aktør, vil det være gode grunner for å stille særleg høge krav til dokumentasjonen i søknaden.

På same stad i kommetarutgåva går det med referanse til Sivilombudsmannen 2006: 262, og fram at: «*Et sentralt spørsmål er om behovet for dispensasjon kan i møtekommes med et alternativ utenfor verneområdet. Det er særlig aktuelt dersom en dispensasjonssøknad er motivert med sikkerhetshensyn eller vesentlige samfunnsmessige interesser. I slike tilfelle må dispensasjonssøknaden redgjøre for alternativer utenfor verneområdet, og i den vidare saksforberedelsen må det vurderes om et slik alternativ er realistisk*». Dispensasjonssøknaden frå Lyse Kraft er i stor grad motivert med «samfunnsmessige interesser», men inneheld likevel ingenting om moglege utbyggingsalternativ. Konesjonssøknaden inneheld 10 linjer om utbyggingsalternativet «*Sandvatnet kraftverk og Kvanndal 2B pumpekraftverk*» som truleg er eit realistisk alternativ til tiltaka det er søkt om. Beskrivinga av dette alternativet er overfladisk og mangelfull samtidig som alternativet medfører relativt omfattande inngrep i verneområdet. Verneområdestyret meiner derfor at Lyse Kraft sine søknadar ikkje oppfyllar krav om utgreiing av alternativ utanfor verneområde.

Tilleggsdokumentasjon om villreinens nåverande og faktiske bruk av isen på Holmavatnet og vandringshindra Holmavassåno og Tverrå

For det verna arealet er villreinens områdebruk særleg knytt til vinterhalvåret da områda ved Holmavatnet utgjer eit svært viktig vinterbeiteområde. I konsekvensvurderingsrapporten for tema villrein er det særleg tre tema som blir løfta fram for det verna arealet om vinteren.

- Den vinteropne Holmavassåno som vandringshinder (Delområde Holmavassåno biotopvernområde)
- Isen på Holmavatnet som trekkveg mellom ulike delar av vinterbeiteområde (Delområde Holmavassåno biotopvernområde)
- Den delvis vinteropne Tverrå som vandringshinder (strekninga Djupetjørn-Litlavatnet) (Delområde Kvanndalen landskapsvernområde)

Når det gjeld utbyggingsplanane det er søkt om blir påverkinga for Tverrå og Holmavassåno sett til «*forbedret*» på grunn av opphøyr av vintertapping, og bidreg såleis til at konsekvensane for delområda Kvanndalen landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde blir sett til «*noe positiv konsekvens*». Isen på Holmavatnet blir omtala under Holmavassåno biotopvernområde. Her blir det peika på at eit pumpekraftverk vil medføre meir oppsprukken is og overvatn og at dette kan bidra til å redusere villreinens moglegheiter til å trekke over isen, men utan at dette ser ut til å ha verka inn på vurderinga av påverkinga av delområdet.

Den største svakheita med desse vurderingane er at dei ikkje tek utgangspunkt i ei talfesting av villreinens nåverande og faktiske bruk av dei tre trekkvegane Tverrå, Holmavassåno og isen på Holmavatnet. Om ei vurdering av konsekvensane skal kunne brukast i verneområdestyret si sakshandsaming må det ligge føre dokumentasjon av kva som er dagens bruk av dei tre trekkvegane i vinterhalvåret. Fagrapporten inneheld gode kvalitative vurderingar av innverknaden av tiltaka det er søkt om, men utan dokumentasjon av absolutte og relative betydinga av dei tre trekkvegane, har dei

kvalitative vurderingane avgrensa verdi. Det må og påpeikast at ei slik talgrunnlag er lett tilgjengeleg gjennom allereie innsamla GPS-data for perioden 2006-2024. At konsultentselskapet bak konsekvensutgreiinga allereie har tilgang til dette datasettet går og fram av fagrapportens vurdering av trekkvegane Holmavassåno og Tverrå på s. 52 og s. 57. Berre på grunnlag av heilt enkle registreringar basert på tilgjengelege GPS-data frå den opne innsynsløysinga www.dyreposisjoner.no, kan ein slå fast at Tverrå er ein marginal trekkveg, Holmavassåno er eit vandringshinder av ein relativt avgrensa betydning, mens isen på Holmavatnet har ein omfattande bruk. Det skulle derfor være lite tvil om at ei grundig talfesting av villreinens bruk av dei omtala trekkvegane, basert på eit fullt datasett, utgjer ein relevant og nødvendig del av verneområdestyret sitt kunnskapsgrunnlag for handsaminga av dispensasjonssøknaden.

Verneområdestyret ber om tilleggsdokumentasjon på desse punkta:

- Tal på kryssingar og avbrotne kryssingar av Tverrå mellom Djuptjørn og Litlavatnet for tidsrommet 1. desember-31. mai for perioden 2006-2024
- Tal på kryssingar og avbrotne kryssingar av Holmavassåno mellom Holmavatnet og Sandvatnet for tidsrommet 1. desember-31. mai for perioden 2006-2024
- Tal på kryssingar av isen av Holmavatnet for tidsrommet 1. desember-31. mai for perioden 2006-2024. I registreringane bør det skiljast mellom reine trekk over isen og beitetrekk ut til holmane i vatnet
- Ei ny vurdering av påverknad og konsekvensvurdering for delområdet Holmavassåno biotopvernområde basert på det nye talgrunnlaget

Tilleggsdokumentasjon om utbyggingsalternativ utanfor verneområde

Dispensasjonssøknaden inneheld som nemnt ikkje ei utgreiing av utbyggingsalternativ utanfor verneområdet, men konsesjonssøknaden har med ei svært overflatisk beskriving av tre slike alternativ. Av omtalen i konsesjonssøknaden går det fram at alternativet «*Sandvatnet kraftverk og Kvanndal 2B pumpekraftverk*» er teknisk gjennomførbart, men at det er lagt bort på grunn av svakare lønnsemd og større miljøkonsekvensar enn alternativet det er søkt om. Verneområdestyret er ikkje utan vidare einig i at dette alternativet har større miljøkonsekvensar enn alternativet det er søkt om. Eit utbyggingsalternativ som ikkje berører Holmavatnet ytterlegare vil truleg være den beste løysinga for villreinen i område. Teknisk gjennomføring og miljøkonsekvensane av alternativet «*Sandvatnet kraftverk og Kvanndal 2B pumpekraftverk*» må derfor beskrivast grundig i eit tillegg til dispensasjonssøknaden. For å oppfylle kravet om utgreiing av utbyggingsalternativ utanfor verneområdet må og eit alternativ med Kvanndal 2B pumpekraftverk utan Sandvatnet kraftverk beskrivast i detalj. Dette er eit utbyggingsalternativ som har avgrensa innverknad på det verna arealet og er derfor alternativet som primært skal vurderast opp mot alternativet det er søkt om. Miljøkonsekvensar og teknisk gjennomføring av dette alternativet må derfor beskrivast svært grundig.

Verneområdestyret ber om tilleggsdokumentasjon på desse punkta:

- Svært grundig beskriving av eit utbyggingsalternativ der pumping skjer til Sandvatnet i staden for Holmavatnet, og kor fallet mellom Holmavatnet og Sandvatnet ikkje utnyttast i eit eige kraftverk
- Beskriving av utbyggingsalternativet «*Sandvatnet kraftverk og Kvanndal 2B pumpekraftverk*»

Om verneområdestyret skal kunne oppretthalde sin plan om å handsame dispensasjonssøknaden i styremøte 23. oktober, må komplett tilleggsdokumentasjon være sendt oss innan 1. oktober 2024.

Med venleg helsing
Alf Odden
verneområdeforvaltar



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Telefon: 48044583

E-post: alf.odden@statsforvalteren.no

Nettside: www.svr.no

Besøksadresse: Sandsvegen 122, 4230 Sand